

KnarvikMila
Aktiv > Glad > Spring

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ
postmottak@lindas.kommune.no

Dykkar ref.
2014/5177

Vår ref.
19-011.EME

Stad/dato
Knarvik, 28. juni 2019

SAKSNUMMER 2014/5177

**HØYRINGSUTTALE VEDR. OMRÅDEREGULERINGSPLANEN FOR LONENE
GNR 185 BNR 284 I LINDÅS**

Bakgrunn:

Vår uttale baserer seg mellom anna på historikken bak Brekkeløypa. Då Brekkeløypa vart etablert vart det inngått ein avtale med alle grunneigarar - Isdal felles og Walde gruppen, om etablering av Brekkeløypa som ei mellombels løysing. Vidare var Lindås kommune også involvert i prosessen, med mellom anna god hjelp i planlegginga av løypa. Ein føresetnad for avtalen var at KnarvikMila AKS-77 ikkje skulle motsetja seg vidare utbygging i området og at Brekkeløypa ikkje skulle vera til hinder for dette. Utan denne avtalen og etablering av løypa, hadde ikkje området hatt same rekreasjonsområdeverdi.

Innstilling:

KnarvikMila ser positivt på Lindås kommune sitt forslag til områdereguleringsplan for Lonena.

Argument for innstilling:

Planen er i tråd med KnarvikMila sin høyringsuttale den 16. desember 2016, prosjektnummer P14031, vår ref. 16-044.HB. Opphavelig plan med potensielt byggje- og bustadføre mål på ca 170.000 m² er redusert til 81.900 m². Av dette medfører ei avgrensa utbygging.

Planen sikrar store friområde der kommunen har som mål å vidareutvikle Lonena som eit attraktivt friluft- og rekreasjonsområde. Vi ser positivt på at ein sikrar største delen av område som friområde. Dette gjer at ein hindrar vidare utbygging av bustader i område, men samstundes mogleggjer utvikling av f.eks treningspark/Tuftepark, bryggjeanlegg for rullestolbrukarar, gapahukar for bruk av familiar / barnehagar, utbygging av akebakke med kunstsnøanlegg med meir. Om kommunen hadde vald å verna området ville ein ikkje kunne utvikle området vidare med nemnde friluftstiltak.


Det vert samanhengande grønstruktur mellom bustadområda, og mellom bustader og markagrensa. Planane tek og omsyn til at det vert liten direkte innsyn frå Brekkeløypa til bustadområda, og frå bustadområda til Brekkeløypa. Vi viser til vår førre uttale kor vi føreslo ei byggjegrænse for bustadområda på minimum 30 meter. Dette er teken omsyn til i framlagt områderegeringsplan.


Etter vår oppfatning av planen vil Brekkeløypa verta bevart med framlagte plan. For KnarvikMila AKS-77 er dette av avgjerande tyding av fleire årsaker. Brekkeløypa er viktig som løype i høve oppvarming til stemner på Knarvik stadion. I tillegg er dette ein viktig treningsarena for alle aldersgrupper i samband med KnarvikMila AKS-77 sin aktivitet.

Siste moment er at KnarvikMila AKS-77 har investert fleire millionar kroner i løypa, og vi er avhengig av bruksløyve for, samt rettigheter til skiltreklame for å finansiera dei investeringane vi har hatt. Inntektene er viktig for KnarvikMila AKS-77 sin eksistens. KnarvikMila har som føremål å betra folkehelsa i regionen. Etableringa, eksisterande og framtidig drift av Brekkeløypa er det viktigaste verkemiddelet for målsetninga til KnarvikMila om å forbetra folkehelsa i regionen, der ein ser at alle brukargrupper nyttar løypa (barnehagar, pensjonistar, ungdommar, vaksne).

KnarvikMila AKS-77 meiner at framlagt områdeplan bør verta vedteken snarast. Konsekvensane av at denne planen ikkje vert vedteken kan vera at planane må restartast, og alt vert utsett. I så tilfelle kan ein risikera ei full utbygging av område, der Brekkeløypa sine funksjonar ikkje vert teken omsyn til.

Med helsing
For Knarvikmila


Bjørn Løvik
Styreleiar


Eddie Ebbesvik
dagleg leiar